

Avskrift av lister over fødde, døde, konfirmerte, inn- og utflytta for Ulstein prestegjeld, 1810-1831 til Sjøinnrulleringa

Listene ligg i Statsarkivet i Trondheim, Ulstein sokneprest

Det er lister med teikna skjema for 1810 (31. des. 1809 til 31. des. 1810) og 1816, 1818 og 1819 (alle frå 31. des til 31. des) og lister i trykte skjema for kyrkjeåra 1820, 1823-1831 (alle frå 1. des. til 30. nov).

Listene med teikna (ikkje trykt) skjema har overskrift

”Udskrift

af Kirkebogen for Ulfsteens Præstegjeld over de fra 31te Decbr. 1818 til 31te Decbr. 1819

Døde og Fødte, samt Ud- og Indflyttede,

for saavidt angaar Mandskabet fra 0 til 50 Aars Alder, udi ovennævnte Sjøe-Etatens Lægder ad Romsdals Amt of ovenmeldte Sogn”

(nokre variasjonar som ”...Ulfsteens Kalds Kirkebog..”)

Her er ei spalte for ”Lægds Nummer”,

”Døde” med spaltes for ”Navn”, ”Fødested”, ”fødeaar og daabs datum”, ”Begravelses datum”,

”Udflyttede” med spaltes for ”Navn”, ”Fødested”, ”fødeaar og daabs datum”, ”naar og til hvad Sted udflyttet”

”Fødte” med spaltes for ”Navn”, ”Fødested”, ”daabs datum”,

”Indflyttede” med spaltes for ”Navn”, ”Fødested”, ”fødeaar og daabs datum”, ”naar og fra hvad Sted udflyttet”.

I desse listene er det ikkje konfirmantar med.

Alle listene er klart avslutta og signerte (nokre med segl) – altså er det ikkje noko som manglar.

Frå 1820 er listene førte i trykte skjema. Forsida har teksten

”Liste over de i Kirkeåret fra 1ste December 18.. til 30te November 18.., efter Kirkes Ministeral-Bog, døde, dødte og confirmerede, saavel som over de ud- og indflyttede Mandskaber, Sjøe-Indrulleringen vedkommende, fra 0 til høieste Alder i de Sogn iAmt tilhørende Sølægder”

Her er årstala fyllte inn og likeins ”Ulfsteens Præstegjelds”, ”Ulfsteens og Hareyds” og ”Romsdals” i dei opne romma.

Dei neste sidene er ei side med ”Afgang” (med døde og utflytta) og ei side med ”Tilgang” (fødde, innflytta og konfirmerte) . Dersom han trong det, brukar presten fleire slike sider med trykte skjema.

Den første sida, ”Afgang”, er delt i tre delar som kvar er delt i 2-4 spaltes:

”Lægdetts” med spaltes for ”Løbe-No. i Rullen” og ”Navn”;

”Døde”, med spaltes for ”Mandskabets Caracteer og Navn”, ”Fødested”, ”Alder eller Daabs-Datum” og ”Begravels-Datum”;

”Udflyttede” med spaltes for ”Mandskabets Caracteer og Navn”, ”Alder eller Daabs-Datum” og ”Naar og til hvad Sted bortflyttet”.

Den andre sida, ”Tilgang”, er delt i

”Fødte”, med spaltes for ”Navn”, ”Faderens Caracteer og Navn” og ”Daabs Datum”

”Indføyttede” med spalter for ”Mandskabets Caracteer og Navn”, ”Fødested”, ”Alder eller Daabs-Datum” og ”Naar og fra hvilket Sted indflyttet”.

”Confirmerede”, med ”Navn”, ”Fødested” og ”Alder eller Daabs-Datum”

Lægda er tydelegvis matrikkelgarden. Presten har sett ”Lægdet’s”-spaltene i samanheng med spaltene for dei døde. For dei andre er gardsnamnet ført som ein del av namnet (for fødde: faren sitt namn).

Mange stadar har nokon, sannsynlegvis på kontoret for innrulleringa, ført merknader inn i listene. Det kan vere om at ein avdød ”findes ikke innført”, eller at ein fødd ”indf. ei da han er død efter modstaaende Side”.

Likeins er legd.nr. (dvs. gardsnr.) ført inn der presten ikkje har gjort det (han har stort sett gjort det for døde og elles ikkje). I nokre få tilfelle er det ført inn merknader mykje seinare (med blyant). I 182x er det ei påteikning om at presten må føre legdnr. i listene for fødde.

Det er lister for kyrkjeåra 1820, 1823-1831. For 1830 er det to eksemplar av listene. Eks. 1 har forside, eks. 2 er ført på eit tilleggsark. Ein av dei fødde manglar i eks. 2.

Listene frå 1810, 1816, 1818-1820 er underskrivne og sett segl på av Peter Thams Buschmann (soknepresten). Listene frå 1823-1827 er underskrivne av Münster, ”p:t: forrettende Prest for Ulfsteens Pstg.” Morten Münster var sokneprest i Herøy 1821-28 og styte i tillegg Ulstein 1822-28 som var vakant desse åra. Listene frå 1828-31 er ved Winsnes (sokneprest Ulstein frå 1828).

Bakpå lista frå 1816 er det skrive (med same hand og blekk som tilføya legdenr. og kommentarar i lista):

”..?.. N-785 f.94 ank; 14/3 fra Prost Baade(?)

annoteret paa nær en tilføed, hvorom der er tilskrevet Pastor Buschmann.

No. 2200 den 10/4 17”

Det gjeld venteleg Ole Andreas Nikolaissen Staalvig, der det er notert ”Hverken Gaard eller Plads af dette Navn findes”. (Stålvik = Breivik, men det visste tydelegvis ikkje innrulleringskontoret)

Legdnr og bokstav er førte på av innrulleringskontoret fram til 1823-lista, i 1824-lista har presten ført på legdsnr. og kontoret har sett til bokstaven.

I 1825-lista er ein gut ført utan gardsnamn, men med legdsnr. her er det tilføya ”Gaardsnavnet er glemt at anføres, men efter det opgivne Lægds No er han indført under Gaarden Nebbestad”

1824: Dobbeltark m. forside + enkelt tilleggsark (berre fødde). Notert øvst på forsida og på tilleggsarket: ”annoteret B?KC? ad No. 1273 fol. 98”

1825: Dobbeltark m. forside + enkelt tilleggsark (berre fødde).

øvt på forsida ”BSKC? ad No. 1348 annoteret” og ”herom udstedt Antegnelser den 8/7 26”

Avskrifta:

Først fotograferte eg alle listene med digitalkamera. For kvart ark har eg ført fotografert heile arket, dinest litt meir enn ¼ (nokre 1/6). Dette gjev minst to bilete av alle delar med tekst, og bileta er skarpe nok til lesinga.

På PC-en har eg oppe både bilete og reknearket som eg fører avskrifta i. Etterpå har eg korrekturlest avskrifta etter dei same bileta og til slutt sjekka tvilstilfelle mot originalen. For 1830 (med to eks) har eg skrive av etter eks.1 og dinest korrekturlest både mot eks.1 og eks.2. Avvik i eks.2 er notert under merknader . (Det er små skilnader, bortsett frå at ein gut manglar i eks.2).

Mange stadar er legdsnr. førte i bretten mellom dei to halvdelane av arket, og difor har dei ikkje alltid kome godt med på bileta. [sjekke dette i originalen seinare]

Avskrifta er bokstavrett – så langt eg har greidd å tolke. Det var få tvilstilfelle, og det gjeld først og fremst stavemåte av namn, ikkje kva for eit namn det er. Buschmann si skrift er svært grei å lese. Munster og Winsnes krev litt meir tilvenjing.

Datoane er normaliserte til forma dd.mm (t.d. 03.10 for 3 Oct eller 3die October).

Døypte gutar:

I dei listene (1816, -18 og -19) der døypte gutar står med patronym og gardsnamn (men utan far) har eg avleidd namn på far; t.d. er ”Knud Severin Olsen Søvndness” ført med Knud Severin / Søvndness / Ole i kolonnene for førenamn/ gard / far førenamn.

Nokre få fedre er førte med andre etternamn enn gardsnamnet der guten høyrer til. Det gjeld eit par utanbygds fedre og eit par med ”slektsnamn” (arveleg etternamn, t.d. Schelderup, Landmark). Fedre som brukar innabygds gardsnamn som slektsnamn, utan tilknytning til garden, er ikkje ”synlege” i kjelda. Det er minst éin som har ”teke med seg” eit gardsnamn frå bygda og brukar det som slektsnamn; Ole Fielde, som var frå Tjørnvåg, hadde far og etternamn frå Ulstein og var busett på Hareid. I slike tilfellet kunne legdnr. vise at dei ikkje bur der dei heiter etter – men berre når det er rett og eintydig ført (Son til Ole Fielde er ført i legd nr. 490, som ikkje høver med andre legdnr. i listene.)